

## SAKSFRAMLEGG

| Saksnr | Utval         | Møtedato   | Sakshandsamar          |
|--------|---------------|------------|------------------------|
| 075/10 | FORMANNSKAPET | 15.06.2010 | Aud Jorunn<br>Klepsvik |
| 098/10 | KOMMUNESTYRET | 29.06.2010 | Aud Jorunn<br>Klepsvik |

|                     |                      |
|---------------------|----------------------|
| Arkivsaknr. 10/1053 | Arkiv: GBNR-, FE-231 |
|---------------------|----------------------|

### **Gebyrregulativ for handsaming av byggesaker m.m. 2010 gjeldande frå 01.07.2010**

#### **Rådmannen si tilråding:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, godkjenner Austevoll kommunestyre gebyrregulativ for handsaming av byggesaker m.m. 2010, jf vedlagt forslag datert 27.05.2010.

Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå 01.07.2010.

#### **15.06.2010 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

##### **FSK-075/10 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, godkjenner Austevoll kommunestyre gebyrregulativ for handsaming av byggesaker m.m. 2010, jf vedlagt forslag datert 27.05.2010.

Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå 01.07.2010.

#### **29.06.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

##### **KST-098/10 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, godkjenner Austevoll kommunestyre gebyrregulativ for handsaming av byggesaker m.m. 2010, jf vedlagt forslag datert 27.05.2010.

Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå 01.07.2010.

---

**Vedlagte saksdokument:**

| Dok.dato               | Tittel  |
|------------------------|---|
| 08.06.2010<br>10:59:47 | Framlegg til gebyrregulativ frå 01. juli 2010 |

**Bakgrunn for saka:**

Ny byggesaksdel av plan- og bygningslova vil tre i kraft 01.07.2010. frå same dato vert heimel for fastsetjing av føresegn om gebyr (regulativ) i plan- og bygningslova av 14.juni 1985 nr 77 § 109 oppheva.

Dette inneber at alle gebyr som er vedteke med heimel i pbl § 109, må handsamast med henvising til ny heimel.

Gebyrregulativet for byggesakshandsaming vart sinast endra av kommunestyret den 17.12.2009, sak nr. 138/09. Oppdatert gebyrregulativ må liggje føre med ikraftsetjing 01.07.2010 dersom kommunen skal kunne gi gebyr på handsaming av saker som er kome inn eller starta etter denne dato, jf overgangsavgjerd i ny lov § 34-4.

Det framlagte forslaget til gebyrregulativ tek opp heimelsendringar i medhald av den nye bygningsdelen i pbl.

Ny lov om havner og farvann er vedteke, jf lov av 17.04.2009 nr. 19. Denne trådte i kraft 01.01.2010. Denne lova kjem som erstatning for lov 08.06.1984 nr 51 om havner og farvann m.m. Som ein konsekvens av ny lov tek kommunen over forvaltningsansvar og mynde innanfor kommunen sine sjøområder, (samsvarer med planmynde etter plan- og bygningslova – ut til 1 nautisk mil utanfor grunnlina). Unnateke er områder for hovud – og biled. Dette vil gje kommunen meirarbeid og forslag til gebyr vert teke inn i regulativet.

Endringane er elles vist med rød tekst/utheva tekst i vedlagt forslag.

**Vurdering:**

Det vert ikkje lagt opp til justeringar av tidlegare vedtekne gebyrsatsar for 2010.